

Referat frå møte i Eiken sokneråd 23.01.24

Møte nr. 1/24

Til stades: Lisa Eiken, Anne – Marie Telhaug, Audun Meland, Valbjørg Austbø, Jørund Saaghus, Bernt Rune Sandrib, Anette Sandnæss, Wenche Gysland, Tor Arild Hopland, Åse Reidun Lande

Sak 01/24 og 2/24: Felles med Hægebostad menighetsråd

01/24 Evalueringar saman med Hægebostad kyrkjelyd

- Lysmesse og julekonsert

Positive erfaringar med felles arrangement der ein vekslar mellom å bruke dei to kyrkjene. Lysmessa først og julekonserten veka etter.

Vedtak: Lysmessa i Eiken kyrkje til kl.17.00 08.12.24.

Julekonsert Hægebostad kyrkje kl. 17.00 15.12.24.

- Tårnagentar/Lys våken

Vedtak Vi bytar Tårnagenthelga til Eiken kyrkje og Lys våken til Hægebostad kyrkje i 2024.

Sak 02/24 Musikk i menigheten

Evaluera prosjektkor og vegen vidare

Begge råda er einige om at det var ein positiv oppleving med prosjektkoret i haust. AG ynskjer ikkje å vera dirigent vidare. Det må i tilfelle finnast ein annan som kan dirigera. Det er lurt at ei eventuell vidareføring medfører at det blir kor på våren også. Det kan resultera i eit arrangement på våren og julekonsert på hausten.

Vedtak Det blir oppnemnt to personar frå kvar menighet til å sitja i eit song- og musikkutval. Desse jobbar vidare konkret for å få koret opp og gå. Frist for råda til å melda tilbake personar til kyrkjekontoret: 1. mars.

Søknad om lønn/honorar til dirigent prosjektkor høsten 2024

Søknaden gjeld timar for øvingar i samband med prosjektkoret hausten 2023. Råda ynskjer å gje eit honorar som ei påskjønning for hjelpa med koret.

Vedtak Kvart råd innvilger kr. 2500,-

Korleis bruka Emanuel Waldron i kyrkjelydane i tida framover

Det har vore ytra ynskje om å auka stillingsprosenten til Emanuel Waldron med 10% samla for begge kyrkjelydane. Dvs. ca. 35.000,- for kvart råd i året. Dette kan eventuelt avreknast mellom råda etter bruk.

Moglege områder for bruk av stillingsprosenten:

- Prosjektkor
- Sangkveldar
- Barnekor i Eiken?
- Forsangere/kirkeband i Eiken?
- Andre aktuelle oppgåver i samråd med song- og musikkutvalet

Vedtak Kwart råd bevilgar penger til 5 % auking kvar i stillinga til Emmanuel Waldron. 10 % til saman. Råda ber kyrkjesjefen ordna dei formelle tinga i samråd med gjeldande lovverk.

 Song- og musikkutvalet får i oppgåve å arbeida saman med Emmanuel for å utforma oppgåver og setja desse ut i livet.

Eiken sokneråd

Til stades: Lisa Eiken, Anne – Marie Telhaug, Audun Meland, Valbjørg Austbø, Jørund Saaghus, Bernt Rune Sandrib, Anette Sandnæss.

Sak 03/24 Godkjenning av innkalling og protokoll

Godkjend utan merknadar, men viktig at innkallinga vert send ut i standardformat sånn at alle får opna den.

Sak 04/24 Gjennomgang og evaluering av blomsteraksjon / jul

Blomsteraksjon var vellykka også i år.

Julaften: Veldig fin, flott med barnekoret! Det er for øvrig ikkje krav til brannvakter på arrangementa.

Vedtak Vi prøver å få til barnekor på julaften i 2024 også. Vi stiller ikkje med brannvakter i 2024 sidan det ikkje er krav om dette.

Sak 05/24 Påskevandring

Evaluering: Påskevandringa i fjor var veldig fin, men litt kort. Det var fine songar, musikk og bilete som bant det heile saman på ein god måte.

Vedtak Soknerådet gjekk inn for å gå attende til Palmesundag (24.3) kl.11.00 som tidspunkt for avvikling av påskevandring i 2024.

Valbjørg utvidar spelet med opp mot 15 minutt og samlar planleggingsgruppa som igjen kontaktar dei same utøvarane som i fjor.
Dei får forhåpentlegvis hjelp av kyrkjekontoret med å setje saman musikk og bilete.

Sak 06/24 Gudstjeneste program (utsett sak 66/23)

Forslag til gudstenesteprogram for 2024 blei gjennomgått.

Vedtak Korreksjon av gudstenesteprogrammet:
Lysmessa blir dette året i Eiken kyrkje 8.12 kl.17.00
Julekonserten blir i Hægebostad kyrkje 15.12 kl. 17.00
Årsmøte etter gudstenesta 3. mars

Sak 07/24 Offerformål for våren (utsett sak 67/23)

Vedtak Misjonsprosjektet NLM: 4 ofringar
Eiken kyrkjelyd: 12 ofringar

7. januar	Lys over Land
21. januar	Eiken kyrkjelyds arbeid
4.februar	NMS
3. mars	NLM, misjonsprosjekt i Mongolia
24. mars	Utan offer - Påskespel
29. mars	Utan offer - Langfredag
1. april	Israels misjonen
21.april	Menigheten i Nungwi Zanzibar
5. mai	Eiken kyrkjelyds arbeid
17.mai	Redd barna
20. mai	NLM, misjonsprosjekt i Mongolia
02. juni	Eiken kyrkjelyds arbeid
16. juni	Eiken kyrkjelyds arbeid
14. juli	Eiken kyrkjelyds arbeid
4.august	Blåkors
18. august	Eiken kyrkjelyds arbeid
1. september	Eiken kyrkjelyds arbeid
15. september	Eiken kyrkjelyds arbeid
6. oktober	Kirkens nødhjelp
20. oktober	NLM, misjonsprosjekt i Mongolia
3. november	Eiken kyrkjelyds arbeid
17. november	Eiken kyrkjelyds arbeid
8. desember	Eiken kyrkjelyds arbeid
24. desember	NLM, misjonsprosjekt i Mongolia
26. desember	Normisjon

Sak 08/24 Fasteaksjon 2024 – 19.mars 17.30

Kontaktperson Kari Hobbesland. Det trengs folk til 6 roder som ikkje blir dekkja av konfirmantar.

Vedtak Anne Marie spør: Åge Tveiten, Ellen Nøkland
Lisa spør: Siri Eiken, Sigbjørn Vik, Erlend Handeland, Olav Eiken
Valbjørg spør: Janet Tveiten
Anette spør: Ellen Hobbesland, Linda Vatne, Arne Sandnæss
Dei som takkar ja skal meldast inn på Messenger-gruppa fortløpande.

Sak 9/24 Vitjing av pastor Imani Zuberi frå Zanzibar 21.april

Eiken kyrkjelyd får besøk av pastor Imani Zuberi 21. april. Bernt Rune jobbar med å få til en felleskyrkeleg gudsteneste denne dagen.

Vedtak Soknerådet gir sin tilslutning til dette.

Sak 10/24 Konfirmantfest 5. mai

Det er fordelar og ulemper med å ha konfirmantfesten i kyrkja eller på bedehuset.

Vedtak Me gjennomfører konfirmantfesten som i fjor i samband med samtalegudstenesta, kyrkjekaffi og pølser, kahoot m.m. Soknerådet har ansvar for maten. Jørund ordnar pølser med tilbehør og brus. Anette bestiller marsipankake og sjokoladecake, pluss ei glutenfri kake.

Sak 11/24 Eventuelt

Påskefest i Sarons Dal onsdag 20. mars

Eiken sokneråd har blitt spurt om å vera medarrangør for dette arrangementet i 2024 også.

Vedtak Eiken sokneråd støttar arrangementet med kr.2500,- og markedsfører arrangementet gjennom sine naturlege kanalar.

Orientering om reglement for godtgjering for medlemmar i Soknerådet

Soknerådsmedlemmene får kr. 100,- i møtegodtgjering pr. møte. Leiar i Sokneråd/Fellesråd får i tillegg 1% av kyrkjesjefen si løn.

Vedtak Godtgjeringa blir betalt ut til kvart medlem etter gjeldande reglement.

Utbygging av kyrkjestova

Kyrkjestova i Eiken er ikkje lenger tilpassa den aktivitet som kyrkjelyden ynskjer seg. Det vart lufta tankar om moglegheita for å utvide dette bygget noko.

Det kan tenkast at det eventuelt kan søkast om tilskot til dette:

Eks. Tilskot til inkludering av barn og unge, Gjensidige stiftelsen, Blå Kors og liknande

Vedtak Temaet kan luftast på årsmøtet 3. mars.

Konsertgudstjeneste «Amazing grace»

Emanuel W med storband er interessert å koma til kommunen og ha ein gudstenestekonsert.

Vedtak Soknerådet stiller seg positive til dette og har to aktuelle datoar:
20.mai eller 16.juni

Song- og musikkutval

Vedtak Anne-Marie Telhaug stiller for Eiken sokneråd og spør med seg ein person til.
Desse melder ho så inn på Messenger-gruppa.

Eiken 23.01.24

Valbjørg Austbø